



MØTEPROTOKOLL

Utval: Formannskapet
Møtestad: Voldsfjorden, Volda rådhus
Dato: 10.01.2017
Tid: 12:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jørgen Amdam	Leiar	AP
Odd Harald Sundal	Medlem	SP
Sølvi Dimmen	Medlem	SP
Gunnar Strøm	Medlem	SV
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Anders Egil Straume	Medlem	KRF
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP
Dan Helge Bjørneset	Medlem	H

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Fride Schjølberg Sortehaug	Nestleiar	V

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Uthman Suheil Rajeh Abu Harbid	Fride Schjølberg Sortehaug	AP

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Sjurgard	Rådmann
Asbjørn Moltudal	Rådgjevar PS 4/17, 5/17, 6/17 og 7/17
Kjell Magne Rindal	Eigedomssjef, PS 13/17



VOLDA KOMMUNE

SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 1/17	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 2/17	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
PS 3/17	Hamneavgift - Vikeneskaia og Allmenningskaia 2016
PS 4/17	Overdraging av eigedom - Gnr. 13 bnr. 120 - Godkjenning av avtale.
PS 5/17	Spørsmål om anke av skjøn gbr 19/2 "Lerkane" og 19/264 "Elvetomta"
PS 6/17	Opsjon på kjøp av deler av gbr 30/196
PS 7/17	Tildeling av næringstomt
PS 8/17	Fritak frå eigedomsskatt i 2017 etter § 7
PS 9/17	Kulturmidlar - Volda kommune
PS 10/17	Kulturpris - Volda kommune
PS 13/17	Tilleggsøyving klimaskjerm og etablering av 3. etasje Ivar Aasen bygget
PS 11/17	Orienteringssaker
OS 1/17	HVO Mediefag nybygg. Brukarmøte med Høgskulen i Volda og Volda kommune 07.12.16
OS 2/17	Etablering av ny kommune Hornindal og Volda – Prosjektorganisering
OS 3/17	E39 Volda hamn-Elvegata - Referat frå møte 08.11.16
OS 4/17	Statens vegvesen - Referat frå møte nr. 2/2016 i styringsgruppa til Felles samferdselspakke for Volda og Ørsta
OS 5/17	Protokoll for styremøte, Volda Næringsforum 8.12.2016
OS 6/17	Studiebygda - framlegg til Partnerskapsavtale



VOLDA KOMMUNE

- OS 7/17 **Sunnmøre regionråd IKS - Protokoll frå representantskapsmøte nr. 4-2016**
- OS 8/17 **Orientering om arbeidet i Oppreisningsordninga for tidlegare barnevernsbarn i Møre og Romsdal for 2016**
- OS 9/17 **Tenestestadstrukturen i Møre og Romsdal - tilråding frå politimeister Ingar Bøen til Politidirektoratet**
- OS 10/17 **Digitalisering i kommunal sektor - Digitaliseringsbrevet til kommunane med digitaliseringsrundskrivet som vedlegg**
- OS 11/17 **Høring - Endringer i statsborgerloven mv. - tap av statsborgerskap ved straffbare forhold eller av hensyn til grunnleggende nasjonale interesser**
- OS 12/17 **Forsøket med samordning av statlige innsigelser til kommunale planer videreføres i 2017**
- PS 12/17 **Referatsaker**
- RS 1/17 **Referat frå møte i rådmannsgruppa 01.12.2016**
- RS 2/17 **Melding om at Norges Handikapforbund Nord Vest har gjort avtale med Sykkylven kommune om kjøp av aksjar i Furene AS**
- RS 3/17 **Melding om vedtak i Hareid kommunestyre - Utviding av barnevernssamarbeidet mellom Hareid - Ulstein - Volda og Ørsta: Søknad frå Hornindal kommune**
- OS 13/17 **Arkivering av eldre kommunestyresaker**
- OS 14/17 **Statleg kontroll av næringsverksemd**
- OS 15/17 **Alternativt bruk av brakkene ved Øyra skule**
- OS 16/17 **Sektor for helse og omsorg – leing**
- OS 17/17 **Omgjering av stilling - assisterande rådmann**



PS 1/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming:

Innkalling:

Ettersendte dokument 06.01.17:

PS 13/17 – Tilleggsøyving klimaskjerm og etablering av 3. etasje Ivar Aasen bygget.

Sakliste:

Odd A. Folkestad reiste spørsmål om arkivering av eldre kommunestyresaker.

Rådmannen kom med framlegg om at orientering om endringar i administrasjonen vert sett på saklista.

Margrete Bjerkvik reiste spørsmål om alternativt bruk av brakkene ved Øyra skule. Saka vert handsama i lukka møte, jf. kl. § 31, nr. 2 og offl. § 13.

Dan Helge Bjørneset reiste spørsmål om statleg kontroll av privat næringsverksemd.

Avhending av eldre brannbilar

Innleiingsvis i møtet, orienterte brannsjef Roy Inge Heltne om avhending av to eldre brannbilar.

Røysting (ni røysteføre):

Innkalling og sakliste, med tillegg frå Odd A. Folkestad, rådmannen, Margrete Bjerkvik og Dan Helge Bjørneset, vart samrøystes godkjent.

PS 2/17 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Handsaming:

Røysting (ni røysteføre):

Møteprotokollen frå sist møte den 13.12.2016, vart samrøystes godkjent.

PS 3/17 Hamneavgift - Vikeneskaia og Allmenningskaia 2016

Administrasjonen si tilråding:

1. *Hamneregulativet med betalingssatsar vert godkjent slik som det er lagt fram i vedlegg av 04.11.16.*
2. *Hamneavgifta/betalingssatsar vert rullert årleg i samband med den årlege reguleringa av kommunale avgifter og gebyr.*



VOLDA KOMMUNE

3. *Informasjonsskilt vert plassert som vist i vedlegg 2.*
4. *Administrasjonen finn ei løysing for innkrevjing av avgift for fritidsbåtar og mindre fartøy.*

Handsaming:

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 10.01.2017 til kommunestyret:

1. *Hamneregulativet med betalingssatsar vert godkjent slik som det er lagt fram i vedlegg av 04.11.16.*
2. *Hamneavgifta/betalingssatsar vert rullert årleg i samband med den årlege reguleringa av kommunale avgifter og gebyr.*
3. *Informasjonsskilt vert plassert som vist i vedlegg 2.*
4. *Administrasjonen finn ei løysing for innkrevjing av avgift for fritidsbåtar og mindre fartøy.*

PS 4/17 Overdraging av eigedom - Gnr. 13 bnr. 120 - Godkjenning av avtale.

Administrasjonen si tilråding:

Formannskapet godkjenner avtale d.s. 15.11.2016 m/vedlegg 1 og 2 med eigar av Gnr. 13. bnr. 120 Bodil Egset slik det går fram av vedlegg til denne saka.

Handsaming:

Sakshandsamar Asbjørn Moltudal var til stades under handsaminga av saka.

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Vedtak i formannskapet - 10.01.2017:

Formannskapet godkjenner avtale d.s. 15.11.2016 m/vedlegg 1 og 2 med eigar av Gnr. 13. bnr. 120 Bodil Egset slik det går fram av vedlegg til denne saka.



VOLDA KOMMUNE

PS 5/17 Spørsmål om anke av skjøn gbr 19/2 "Lerkane" og 19/264 "Elvetomta"

Administrasjonen si tilråding:

Volda kommune vil for sin del ikkje anke resultatet i skjønssak 16-061296 SKJ-SOSU og 16-113849 SKJ-SOSU ved Søre Sunnmøre Tingrett. Skjønnsresultatet vert såleis teke til vitende.

Handsaming:

Sakshandsamar Asbjørn Moltudal var til stades under handsaminga av saka og svara på spørsmål frå formannskapet.

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Vedtak i formannskapet - 10.01.2017:

Volda kommune vil for sin del ikkje anke resultatet i skjønssak 16-061296 SKJ-SOSU og 16-113849 SKJ-SOSU ved Søre Sunnmøre Tingrett. Skjønnsresultatet vert såleis teke til vitende.

PS 6/17 Opsjon på kjøp av deler av gbr 30/196

Administrasjonen si tilråding:

- 1. AS Brændes Rørleggerforretning får tilbod om å kjøpe deler av gnr. 30 bnr. 196 på øvre Rotset i samsvar med kart vedlegg 3.*
- 2. Tomteprisen vert å fastsetje til den pris kommunestyret på oppgjerstidspunktet har vedteke for tomter i området.*
- 3. Vilkår for kjøpet er vidare ein byggefrist på 2 år etter at oppmåling og tilbod om oppgjer er sendt. Er det ikkje bygt på tomta innan 2 år pliktar eigaren å skøyte tomta attende til kommunen til same pris og utan kostnad for kommunen.*

Handsaming:

Sakshandsamar Asbjørn Moltudal var til stades under handsaminga av saka.

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Vedtak i formannskapet - 10.01.2017

- 1. AS Brændes Rørleggerforretning får tilbod om å kjøpe deler av gnr. 30 bnr. 196 på øvre Rotset i samsvar med kart vedlegg 3.*
- 2. Tomteprisen vert å fastsetje til den pris kommunestyret på oppgjerstidspunktet har vedteke for tomter i området.*



VOLDA KOMMUNE

- 3. Vilkår for kjøpet er vidare ein byggefrist på 2 år etter at oppmåling og tilbod om oppgjer er sendt. Er det ikkje bygt på tomta innan 2 år pliktar eigaren å skøyte tomta attende til kommunen til same pris og utan kostnad for kommunen.*

PS 7/17 Tildeling av næringstomt

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Husbygg AS vert tildelt tomt på om lag 1800 m² av industriarealet på gbr. 11/69 i Furene, jfr. kart vedlegg 3. Tomteprisen vert sett til kr. 190,- pr. kvm. Prisen vert justert i samsvar med SSB konsumprisindeks med utgangspunkt i indeks pr. 15. 7.07. I tillegg kjem tilknytingsavgifter for vatn og avlaup og kostnad med oppmåling/tinglysing og byggesaksgebyr.*
- 2. Tildelinga vert elles gjort på dei vilkår som går fram av gjeldande salsvilkår og reguleringsvedtekter, som skal tinglysast som hefte på eigedomen saman med skøyte.*

Handsaming:

Sakshandsamar Asbjørn Moltudal var til stades under handsaminga av saka og svara på spørsmål frå formannskapet.

Formannskapet drøfta saka og kom med slikt fellesframlegg, nytt punkt 3:

Formannskapet legg til grunn at byggefrist på to år vert følgt opp for tomt gbr 11/91 rekna frå dato for innmeldt byggemelding.

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen, med nytt punkt 3, vart samrøystes vedteken.

Vedtak i formannskapet - 10.01.2017:

- 1. Husbygg AS vert tildelt tomt på om lag 1800 m² av industriarealet på gbr. 11/69 i Furene, jfr. kart vedlegg 3. Tomteprisen vert sett til kr. 190,- pr. kvm. Prisen vert justert i samsvar med SSB konsumprisindeks med utgangspunkt i indeks pr. 15. 7.07. I tillegg kjem tilknytingsavgifter for vatn og avlaup og kostnad med oppmåling/tinglysing og byggesaksgebyr.*
- 2. Tildelinga vert elles gjort på dei vilkår som går fram av gjeldande salsvilkår og reguleringsvedtekter, som skal tinglysast som hefte på eigedomen saman med skøyte.*
- 3. Formannskapet legg til grunn at byggefrist på to år vert følgt opp for tomt gbr 11/91 rekna frå dato for innmeldt byggemelding.*

PS 8/17 Fritak frå eigedomsskatt i 2017 etter § 7

Administrasjonen si tilråding:



VOLDA KOMMUNE

- 1. Med heimel i eigedomsskattelova § 7a vert eigedomar på vedlagde liste fritekne frå eigedomsskatt.*
- 2. Med heimel i eigedomsskattelova § 7b vert eigedomen med gnr 13 bnr 1, "Kulturbakkane" og "Ristetunet" gitt fritak frå eigedomsskatt.*
- 3. Med heimel i eigedomsskattelova § 7c vert nyoppførte bygningar som heilt eller delvis vert nytta til husvære fritekne frå eigedomsskatt i 1 år (første året etter bustaden er tatt i bruk). Fritaket gjeld ikkje for fritidsbustadar.*

Handsaming:

Margrete Bjerkvik kom med slikt framlegg:

Fritak vert innvilga med unntak av studentsamskipnaden.

Røysting (ni røysteføre):

Framlegget frå Margrete Bjerkvik fekk to røyster (Margrete Bjerkvik og Anders Egil Straume) og fall. Sju røysta imot.

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 10.01.2017 til kommunestyret:

- 1. Med heimel i eigedomsskattelova § 7a vert eigedomar på vedlagde liste fritekne frå eigedomsskatt.*
- 2. Med heimel i eigedomsskattelova § 7b vert eigedomen med gnr 13 bnr 1, "Kulturbakkane" og "Ristetunet" gitt fritak frå eigedomsskatt.*
- 3. Med heimel i eigedomsskattelova § 7c vert nyoppførte bygningar som heilt eller delvis vert nytta til husvære fritekne frå eigedomsskatt i 1 år (første året etter bustaden er tatt i bruk). Fritaket gjeld ikkje for fritidsbustadar.*

PS 9/17 Kulturmidlar - Volda kommune

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Kommunestyret vedtek å innføre ordning med kulturmidlar frå og med 2018. Vedlagte prinsipp for tildeling av slike midlar vert godkjende.*
- 2. Kulturmidlar vert å innarbeide i komande budsjett og økonomiplan.*



VOLDA KOMMUNE

Handsaming:

Ordføreren kom med slikt framlegg, som vart reist som fellesframlegg:

- 1. Kommunestyret vedtek å innføre ordning med kulturmidlar.*
- 2. For 2017 vert det løyvd kr 200 000 tiltaket. Midlane vert dekt ved tilsvarande reduksjon av formannskapet sin disposisjonspost (som vert redusert frå kr 455.000 til kr 255.000). Midlane skal innarbeidast i komande budsjett- og økonomiplan.*
- 3. Midlane vert fordelt av driftsstyret fram til tenesteutval for barn og kultur trer i funksjon og overtek denne funksjonen.*
- 4. Kommunestyret ber driftsstyret foreslå prinsipp for tildeling.*

Røysting (ni røysteføre):

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

Tilråding i formannskapet - 10.01.2017 til kommunestyret :

- 1. Kommunestyret vedtek å innføre ordning med kulturmidlar.*
- 2. For 2017 vert det løyvd kr 200 000 tiltaket. Midlane vert dekt ved tilsvarande reduksjon av formannskapet sin disposisjonspost (som vert redusert frå kr 455.000 til kr 255.000). Midlane skal innarbeidast i komande budsjett- og økonomiplan.*
- 3. Midlane vert fordelt av driftsstyret fram til tenesteutval for barn og kultur trer i funksjon og overtek denne funksjonen.*
- 4. Kommunestyret ber driftsstyret foreslå prinsipp for tildeling.*

PS 10/17 Kulturpris - Volda kommune

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Kommunestyret vedtek å opprette ordning for kulturpris i Volda kommune og godkjenner retningsliner for prisen slik det er vist i saksutgreiinga.*
- 2. Utgiftene med prisen i 2017, kr 10 000, vert dekt av formannskapet sin disposisjonspost. Prisen vert å innarbeide i komande budsjett- og økonomiplan.*



VOLDA KOMMUNE

Handsaming:

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 10.01.2017 til kommunestyret:

- 1. Kommunestyret vedtek å opprette ordning for kulturpris i Volda kommune og godkjenner retningsliner for prisen slik det er vist i saksutgreiinga.*
- 2. Utgiftene med prisen i 2017, kr 10 000, vert dekt av formannskapet sin disposisjonspost. Prisen vert å innarbeide i komande budsjett- og økonomiplan.*

PS 13/17 Tilleggsøyving klimaskjerm og etablering av 3. etasje Ivar Aasen bygget

Administrasjonen si tilråding (i to alternativ):

Alternativ A

Kommunestyret vedtek ikkje å føre opp tredje etasje på Ivar Aasen-bygget ved Høgskulen. Avvik budsjettpris og kontraktssum for allereie vedteke tiltak/klimaskjerm vert dekt ved omdisponering av avsette midlar til opsjon tredje etasje Aasen-bygget.

<i>Allereie finansiert gjennom EPC - prosjekt</i>	<i>Kr. 11.250.000</i>
<i>Bruk av opsjonsmidlar etablering tredje etasje Ivar Aasen bygget</i>	<i>Kr. 6.375.000</i>
<i>Sum finansiering</i>	<i>Kr. 17.625.000</i>

Alternativ B

- 1. Kommunestyret løyver kr 38.575.000 til prosjekt klimaskjerm og etablering råbygg tredje etasje Ivar Aasen bygget (dvs. Kr. 30.860.000 + mva Kr 7.715.000)*
Av dette er Kr 27.250.000 inkl mva løyvd tidligare.
- 2. Finansiering vert ved låneopptak (kr 38.575.000).*
- 3. Ein føreset at 70 % av totale mva- utgifter vert kompensert i etterkant (justeringsrett). Kompensasjon vert utbetalt over 7 år (med like årlege beløp) etter at bygget er ferdigstilt og Høgskulen har flytta ut.*

Handsaming:

Saka vart ettersendt 06.01.17.



VOLDA KOMMUNE

Eigedomssjef Kjell Magne Rindal møtte og svarte på spørsmål fra formannskapet.

Odd A. Folkestad reiste spørsmål om habilitet, han er styremedlem i Sunnmøre kulturnæringshage. Kunnskapsparken vert nemnd som potensiell leigetakar av bygget, jf. fvl. § 6, 2. 1. Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om habilitet.

Røysting habilitet:

Odd A. Folkestad vart samrøystes kjent habil og han tok sete.

Formannskapet drøfta saka og om med slikt justert framlegg – Alternativ B:

- 1. Kommunestyret løyver kr 38.575.000 til prosjekt klimaskjerm og etablering råbygg tredje etasje Ivar Aasen bygget (dvs. Kr. 30.860.000 + mva Kr 7.715.000)*
Av dette er Kr 27.250.000 inkl mva løyvd tidligare.
- 2. Finansiering vert ved låneopptak (kr 38.575.000).*
- 3. Det er potensiale for at 70 % av totale mva- utgifter vert kompensert i etterkant (justeringsrett). Kompensasjon vert utbetalt over 7 år (med like årlege beløp) etter at bygget er ferdigstilt og Høgskulen har flytta ut.*

Røysting:

Fellesframlegget, justert Alternativ B, vart samrøystes vedteke.

Tilråding i formannskapet - 10.01.2017 til kommunestyret:

- 1. Kommunestyret løyver kr 38.575.000 til prosjekt klimaskjerm og etablering råbygg tredje etasje Ivar Aasen bygget (dvs. Kr. 30.860.000 + mva Kr 7.715.000)*
Av dette er Kr 27.250.000 inkl mva løyvd tidligare.
- 2. Finansiering vert ved låneopptak (kr 38.575.000).*
- 3. Det er potensiale for at 70 % av totale mva- utgifter vert kompensert i etterkant (justeringsrett). Kompensasjon vert utbetalt over 7 år (med like årlege beløp) etter at bygget er ferdigstilt og Høgskulen har flytta ut.*



VOLDA KOMMUNE

PS 11/17 Orienteringssaker

OS 1/17 HVO Mediefag nybygg. Brukarmøte med Høgskulen i Volda og Volda kommune 07.12.16

OS 2/17 Etablering av ny kommune Hornindal og Volda - Prosjektorganisering

OS 3/17 E39 Volda hamn-Elvegata - Referat frå møte 08.11.16

OS 4/17 Statens vegvesen - Referat frå møte nr. 2/2016 i styringsgruppa til Felles samferdselspakke for Volda og Ørsta

OS 5/17 Protokoll for styremøte, Volda Næringsforum 8.12.2016

OS 6/17 StudiebygdA - framlegg til Partnerskapsavtale

OS 7/17 Sunnmøre regionråd IKS - Protokoll frå representantskapsmøte nr. 4-2016

OS 8/17 Orientering om arbeidet i Oppreisningsordninga for tidlegare barnevernsbarn i Møre og Romsdal for 2016

OS 9/17 Tenestestadstrukturen i Møre og Romsdal - tilråding frå politimeister Ingar Bøen til Politidirektoratet



VOLDA KOMMUNE

OS 10/17 Digitalisering i kommunal sektor - Digitaliseringsbrevet til kommunane med digitaliseringsrundskrivet som vedlegg

OS 11/17 Høring - Endringer i statsborgerloven mv. - tap av statsborgerskap ved straffbare forhold eller av hensyn til grunnleggende nasjonale interesser

OS 12/17 Forsøket med samordning av statlige innsigelser til kommunale planer videreføres i 2017

PS 12/17 Referatsaker

RS 1/17 Referat frå møte i rådmannsgruppa 01.12.2016

RS 2/17 Melding om at Norges Handikapforbund Nord Vest har gjort avtale med Sykkylven kommune om kjøp av aksjar i Furene AS

RS 3/17 Melding om vedtak i Hareid kommunestyre - Utviding av barnevernssamarbeidet mellom Hareid - Ulstein - Volda og Ørsta: Søknad frå Hornindal kommune

OS 13/17 Arkivering av eldre kommunestyresaker

Odd A. Folkestad reiste spørsmål om rutinar kring arkivering av eldre kommunestyrevedtak. Rådmannen informerte om at dei som ynskjer innsyn i saksdokument, kan vende seg til servicekontoret eller IKA Møre og Romsdal.

OS 14/17 Statleg kontroll av næringsverksemd

Dan Helge Bjørneset viste til rutinar kring statleg kontroll av privat næringsverksemd. Formannskapet drøfta saka og var samde om at Dan Helge Bjørneset og ordføraren får fullmakt til å arbeide vidare med saka.

OS 15/17 Alternativt bruk av brakkene ved Øyra skule

Ordføraren kom med framlegg om at møtet skulle lukkast, jf. kl. § 31 nr. 2 og offl. § 13.

Det vart samrøystes vedteke at møtet skulle lukkast.

Margrete Bjerkvik reiste spørsmål om brakkene ved Øyra skule kan nyttast til bustadføremål. Ordføraren orienterte om saka. Rådmannen informerte om at brakkene skal nyttast ved Mork skule.

OS 16/17 Sektor for helse og omsorg - leiing

Jorunn Anne Tomasgard har sagt opp stillinga si som helse- og omsorgssjef. Ho har fråtredd stillinga og vil gå inn i ei fagstilling.



VOLDA KOMMUNE

OS 17/17 Omgjering av stilling - assisterande rådmann

Rådmannen er i prosess for å gjere om rådgjevarstillinga hos rådmannen til assisterande rådmann. Dette vil gjelde i ei mellombels periode fram til det vert ny leiargruppe for Volda/Hornindal.

Det vart samrøystes vedteke at møtet skulle opnast, jf. kl. § 31.

Møtet slutt kl. 16:00

Rett utskrift,
Volda kommune, servicekontoret
11.01.2017

Sonja Håvik
konsulent